



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/938 - 21/77023

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
16.11.2021

Vedtak til klagevurdering - utviding av parkering for hyttefelt gbnr 56/10 Hundvin

Tiltak: Utviding av parkeringsplass
Byggjestad: Gbnr: 56/10
Tiltakshavar: Hopens Velforening
Ansvarleg søker: Abo Hage og Minigraver Service AS

Saka gjeld søknad om utviding av parkeringsplass til hyttefelt på Hundvin i uregulert område avsatt til LNF-føremål i kommunedelplan for Lindås.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den , der følgjande vedtak vart fatta:

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF-planføremål for forlenging av veg, utbetring av avkøyrsløse og etablering av 21 nye parkeringsplassar for Hopens velforening.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve for oppføring av veg, avkøyrsløse og parkeringsplassar på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 29.12.20 mottatt 27.05.21 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.**
- 3. Tiltaket får tilkomst til offentleg kommunal veg. Avkøyrsløse skal opparbeidast i samsvar med løyve til utvida bruk frå vegstyresmakta datert 28.06.21, godkjent i sak 21/4984.**
- 4. Vilkår satt i dispensasjon frå byggjegrænse mot kommunal veg i vedtak i sak 21/4984 av 03.06.21 skal stiftast.**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

- 1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.**

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av utviding av parkeringsplassar med 21 nye plassar. I dag har Hopen velforeining 14 p-plassar og har trong for utviding av parkering for hytteeigare og montering av ladare for elbilar.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, samt opparbeiding/utbetring av avkøyrse, intern veg og parkering. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå planføremål LNF-område.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel for Lindås er definert som LNF-føremål. I tillegg ligg tiltaket innafor byggjegrænse mot kommunal veg.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå planføremål LNF-område i kommunedelplanen for Lindås.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no eller på telefon 56171423.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til utviding av avkjørsel, veg og parkeringsplassar med dispensasjon - gbnr 56/10 Hundvin
Presiseringer til vår søknad - gbnr 56/10 Hundvin
Tilleggsopplysningar bruksrett ved utviding av parkering - gbnr 56/10 Hunvin
Søknad om dispensasjon

Vedlegg:

Manglar ved avkj Hopens Vel

Søknad om tillatelse til tiltak - utviding av parkeringsplass - gbnr 56/10 Hundvin

Søknad om utviding av parkeringsplass - gbnr 56/10 Hundvin

Dispensasjon

Kart

Kopi til:

Abo Hage og Minigraver Service AS
Hopens Velforening

Kolåshøyen 4
c/o Svein Erik Malkenes

5135
5956

FLAKTVEIT
HUNDVIN

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER